

Møte tirsdag den 7. desember kl. 10

President: J ø r g e n K o s m o

D a g s o r d e n (nr. 25):

1. Innstilling frå samferdselskomiteen om løyvingar på statsbudsjettet for 2005, kapittel under Fiskeri- og kystdepartementet og Samferdselsdepartementet (rammeområde 18), og forslag frå stortingsrepresentantane Åslaug Haga og Jorunn Ringstad (Budsjett-innst. S. nr. 13 (2004-2005), jf. St.prp. nr. 1 (2004-2005), St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2, 5 og 6 (2004-2005) og Dokument nr. 8:1 (2004-2005))
2. Innstilling fra samferdselskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Oddbjørg Ausdal Starrfelt, Sigrun Eng, Sylvia Brustad og Signe Øye om å opprettholde jernbanetilbudet Oslo–Stockholm og Oslo–Göteborg–København på nåværende nivå og å utrede forslag til varig drift i et samarbeid mellom Norge og Sverige (Innst. S. nr. 62 (2004-2005), jf. Dokument nr. 8:15 (2004-2005))
3. Innstilling frå samferdselskomiteen om endring av løyvingar m.m. for 2004 på Samferdselsdepartementets område (Innst. S. nr. 67 (2004-2005), jf. St.prp. nr. 11 (2004-2005))
4. Innstilling frå samferdselskomiteen om endringar av løyvingar i 2004 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område (Innst. S. nr. 68 (2004-2005), jf. St.prp. nr. 28 (2004-2005) kap. 1062 og 4062)
5. Referat

Presidenten: Representanten Karin Andersen vil framsette et privat forslag.

Karin Andersen (SV) [10:01:13]: På vegne av representanten May Hansen og meg sjøl vil jeg sette fram forslag om dekning av utgifter til kommunale tjenester til kvinner på flukt fra tvangsekteskap og som oppholder seg på krisesenter i annen kommune enn oppholdskommunen.

Presidenten: Forslaget vil bli behandlet på reglementsmessig måte.

Etter ønske fra samferdselskomiteen vil presidenten foreslå at sakene nr. 1 og 2 behandles under ett – og anser det som vedtatt.

S a k n r . 1

Innstilling frå samferdselskomiteen om løyvingar på statsbudsjettet for 2005, kapittel under Fiskeri- og kystdepartementet og Samferdselsdepartementet (rammeområde 18), og forslag frå stortingsrepresentantane Åslaug Haga og Jorunn Ringstad (Budsjett-innst. S. nr. 13 (2004-2005), jf. St.prp. nr. 1 (2004-2005), St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2, 5 og 6 (2004-2005) og Dokument nr. 8:1 (2004-2005))

S a k n r . 2

Innstilling fra samferdselskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Oddbjørg Ausdal Starrfelt, Sigrun Eng, Sylvia Brustad og Signe Øye om å opprettholde jernbanetilbudet Oslo–Stockholm og Oslo–Göteborg–København på nåværende nivå og å utrede forslag til varig drift i et samarbeid mellom Norge og Sverige (Innst. S. nr. 62 (2004-2005), jf. Dokument nr. 8:15 (2004-2005))

Presidenten: Etter ønske fra samferdselskomiteen vil presidenten foreslå at debatten blir begrenset til 2 timer og 40 minutter, og at taletiden blir fordelt slik på gruppene:

Arbeiderpartiet 40 minutter, Høyre 35 minutter, Fremskrittspartiet 25 minutter, Sosialistisk Venstreparti og Kristelig Folkeparti 20 minutter hver, Senterpartiet 10 minutter, Venstre og Kystpartiet 5 minutter hver.

Videre vil presidenten foreslå at det blir gitt anledning til replikkordskifte på inntil tre replikker med svar etter innlegg av hovedtalerne fra hver partigruppe og fem replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av Regjeringen innenfor den fordelte taletid.

Videre blir det foreslått at de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

– Det anses vedtatt.

Petter Løvik (H) [10:03:46] (leiar i komiteen): Det budsjettet vi skal vedta seinare i dag, er det fjerde budsjettet i denne perioden. Det er ei mellombels avslutning av ein samferdselsrevolusjon som vi har gjennomført med dette budsjettet og dei tre føregåande budsjetta.

Sjølvi i ein situasjon der vi har vore nøyde til å ha stramme statsbudsjett for å rette opp igjen økonomien i landet, for å gjere det mogleg å få til næringsutvikling og sikre arbeidsplassar, har vi funne rom for ein betydeleg auke i løyvingane til samferdsel i desse fire åra. Vi har m.a. tredobla løyvingane til Avinor, til støtte for dei regionale flyplassane. Vi har årleg kutta milliardbeløp når det gjeld den avgifta som staten tidlegare har teke av flypassasjerane, for å få ned flyprisane. Vi har auka løyvingane til riksvegar med godt over 20 pst., reelt sett, bortimot 2,5 milliardar kr i løpet av denne fireårsperioden, med svært sterk vekt på drift og vedlikehald, men det har òg vore ein sterk auke når det gjeld investeringar. Vi har auka løyvingane til norsk jernbane med bortimot 20 pst., vi har fått ein sterk auke når det gjeld kjøp av tenester frå NSB, men også drift, investeringar og vedlikehald på området til Jernbaneverket har fått ein kraftig auke.

Svært mange har sagt at dei vil auke løyvingane, at dei vil ta eit krafttak for norsk samferdsel. Denne regjeringa og dette regjeringsfleirtalet har vist at vi er villige til å gjere dette, og at vi klarer å få gjennomført det. Det er eg veldig stolt av som komiteleiar og som representant for regjeringspartia.

Men eg er endå meir stolt av den jobben vi no har gjort for å få ei heilt nødvendig omstilling i norsk samferdselssektor. Den jobben som vi begynte på, som vi vedtok rammene for hausten 2001, har vi no kome eit

svært langt stykke med. Vi har fått skilt ut forvaltingsdelen i Vegvesenet, altså dei som sit med ansvaret, og som har anledning til å styre arbeidet, frå den utførande delen, i eit eige selskap – Mesta. Vi har fått fristilt fleire andre bedrifter ved at dei er blitt AS, framleis under statleg kontroll. Dette er heilt nødvendig for å få meir ut av pengane, for å få meir samferdsel igjen for dei kronene vi nyttar på desse viktige områda.

Det som nok har skapt den største diskusjonen dei siste dagane, er det vi no gjennomfører på jernbanesektoren, som vi tidlegare har gjort på vegsektoren og på andre områda. Sidan det har vore ein god del desinformasjon og ein god del misforståing når det gjeld kva dette vil bety, vil eg gå litt nærare inn på det.

Det vi no gjer på jernbanesektoren, er tre ting. Det eine, som eg var inne på tidlegare i innlegget, er å auke løyvingane, altså at vi no satsar betydeleg meir enn nokon gong før på jernbane, dersom vi ser bort frå akkurat det som skjedde under den ekstraordinære oppbygginga av Gardermobanen. Det er det eine. Det andre er ei heilt nødvendig styrking av staten si rolle som eigar, staten si rolle som kontrollør, som inspektør, som garantist for tryggleiken i norsk jernbane, ved å skilje ut den delen som har med ansvar, med forvaltning, med tryggleik, å gjere, frå den delen som går på den utførande produksjonen. Vi sikrar oss at dei som utfører arbeidet, blir kontrollerte av andre enn seg sjølve. Det tredje er den delen som går på at produksjonen, altså det som skjer av vanlig produksjon ute, blir konkurranseutsett for å prøve å få meir ut av dei midlane vi bruker.

Norsk jernbane har vore forsømt i fleire tiår, og det lyftet vi no tek med omsyn til både løyvingar og omorganisering, vil styrkje tryggleiken, det vil gi oss ei betre jernbane, og det vil gi kundane våre – dei som er passasjerar – eit betydeleg betre tilbod på sikt. Erfaringane frå land det er rimeleg å samanlikne med – Sverige og Danmark – viser også at det er gevinstar å hente, det er mogleg å få meir jernbane ut. Så det er ikkje, som det har blitt hevda frå enkelte hald, snakk om ein sparekampanje. Det er auka løyvingar kopla med omorganisering.

Så blir det frå jernbanehald, m.a. frå Norsk Jernbaneforbund, hevda at dei ikkje er redde for konkurranse. Nei, vi er ikkje redde for konkurranse, seier forbundssekretæren i dag i Politisk kvarter, men vi får ikkje lov til å vere med og konkurrere! Det er fullstendig feil. Heile poenget med den omstillinga vi no har, er at BaneService skal få lov til å konkurrere med andre, og BaneService skal sjølvstøtt ta opp i seg dei delane av Jernbaneverket som har med den reine produksjonen å gjere. Sjølvstøtt er det slik, som det er i Statens vegvesen, at Statens vegvesen ikkje kan gå ut og konkurrere med Mesta, og at heller ikkje Jernbaneverket kan gå ut og konkurrere med BaneService, men det er fullt mogleg, slik det tidlegare har vore i Jernbaneverket, å konkurrere med andre aktørar som kjem inn. Eg er sikker på at også denne omstillinga vil tene kundane, passasjerane, i det lange løp. Eg er sikker på at det er så mange gode krefter i Jernbaneverket og i BaneService i dag at vi vil få ei betre løysing. Eg er også nokså sikker på at skulle det bli eit regjeringsskifte

– eg håper det aldri går slik, men det kan skje – trur eg ikkje nokon vil reversere dette, når vi har teke bråket med å omstille på dette området.

Lat meg til slutt nemne éin ting til. For svært mange av oss som bur på kysten, er ferjene ein veldig viktig del av riksvegsambandet. Det vi gjer i dag – eit historisk vedtak, som det dessverre ikkje er full semje om, men som det er eit klart fleirtal for – er at vi gjer kyststamvegen døgnopen ved at dei to strekningane som står igjen utan nattferje, får midlar til nattferje frå 1. januar 2005. For mange vil dette vere ein detalj, og det er ikkje dei heilt store pengane, men det betyr i praksis at delar av kysten vår no ikkje lenger har nattestengt. Vi får opningstider som både næringslivet og innbyggjarane i desse lokalsamfunna og langs heile kysten vil ha stor glede av. At vi dessutan set inn ressursar for å betre regulariteten for å hindre at det står igjen altfor mange bilar i to viktige ferjesamband i Rogaland, er med på å utfylle dette biletet. For oss er ikkje riksvegar berre vegane, men også dei ferjestrekningane som bind desse saman.

Alt i alt er dette eit historisk budsjett. Vi får fleirtal. Eg vil takke Framstegspartiet for konstruktiv støtte i dette arbeidet, og eg er overtydd om at det lyftet vi tek når det gjeld løyvingar, og dei omstillingane vi gjer, vil gagne norske innbyggjarar i mange, mange år framover.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Bjørgulv Froyn (A) [10:12:51]: Jeg syns kanskje regjeringspartiene er raskt ute med suksesshistoriene sine med hensyn til hva man har oppnådd gjennom disse omorganiseringene som har funnet sted. Nå kommer det jo etter hvert andre rapporter, som forteller om samfunnskostnader langt utover hva man mener man har spart ved selve omorganiseringen – kostnader som forteller om en brutalisering av arbeidslivet som jeg ville trodd ingen egentlig ville være interessert i å få i et velferdsland som Norge. Men jeg tar til orientering at regjeringspartiene ikke syns dette er et sentralt tema.

Mitt spørsmål går imidlertid på: Er det representanten Løviks oppfatning at det er en usunn kameraderikultur som står i veien for bedre økonomistyring og sikkerhetsarbeid innenfor Jernbaneverket?

Petter Løvik (H) [10:13:58]: Først til det med kostnader. Ja, det er kostnader med omstillinga, og dei tek vi svært alvorleg, også i regjeringspartia. Og vi er klar over at på kort sikt er kostnadene større enn innsparingane og forbetringane. Men i f.eks. Vegvesenet no begynner vi allerede å sjå at innsparingane, forbetringane på vegnettet, er større enn kostnadene. Vi har betalt oss ut av dei problema vi har hatt med dei som ikkje har fått seg nytt arbeid, og eg er sikker på at vi på ein skikkeleg måte har klart å behandle dei som har vore tilsette, f.eks. i Vegvesenet, på ein god måte. Vi har vore svært opptekne av at det skal skje, fordi staten som arbeidsgivar har eit spesielt ansvar.

Når det gjeld dette som representanten kalla kameraderi, ser eg absolutt ingen grunn til å bruke slike ord, men det er mi klare oppfatning at det å skilje dei som be-

(Løvik)

stemmer, dei som kontrollerer, frå dei som gjer arbeidet, er veldig sunt.

Kenneth Svendsen (FrP) [10:15:20]: Vi har et veinett i dette landet som fører til store ulykkesbelastninger for befolkningen, og som fører til forsinkelser for næringslivet. Vi har i tillegg sett at det har vært mange ras denne høsten som har ført til tragiske dødsfall. Vi har også sett at tunnelene i dette landet har for lav høyde, slik at mye av tungtransporten må kjøre omveier. Dette koster næringslivet store summer, og det koster selvfølgelig også befolkningen store summer

Heldigvis klarte Fremskrittspartiet i forhandlingene å få 350 mill. kr ekstra til dette arbeidet, noe som er med på å løse noen av problemene. Det er selvfølgelig altfor lite. Mitt spørsmål er om Løvik ser de utfordringene vi har i framtiden, og om han vil være med på å løfte bevilgningene videre.

Petter Løvik (H) [10:16:35]: Svaret er ja. Her er det enormt mykje større utfordringar enn dei vi har klart å løyse hittil, men vi er på veg. Ein svensk politiker sa ein gong om resultatane av åra sine i regjering at «vi är stolta, men inte nöjda». Eg synest det karakteriserer litt av det som vi føler. Vi har klart å snu ein fallande trend, f.eks. i veginvesteringane, som har vart i ti år. Vi har snudd han og fått ein kraftig auke. Det står veldig mykje igjen før vi har fått fullført dette arbeidet. Det vil ta fleire tiår å rette opp dei forsømingane som har skjedd over fleire tiår på norsk vegnett. Vi håper at vi også i neste periode kan vere i ein liknande situasjon, der Framstegspartiet kan støtte ei sentrum-høgre-regjering i å få auka desse løyvingane vidare. Det er den utfordringa vi har felles, og så får vi slåst om veljarane.

Heidi Sørensen (SV) [10:17:47]: La meg først si at jeg er litt overrasket over at komiteens leder omtaler BaneService AS som et selskap som står for drift og vedlikehold av norsk jernbane. Det er ikke tilfellet. Det står heller ingenting i de papirene vi har fått, om at det skal være den framtidige statlige drifts- og vedlikeholdsdivisjonen for jernbanen.

Men til spørsmålet: I høst har vi opplevd en situasjon i norsk luftfart som jeg tror ingen tør å være stolt av. Vi har store omstillingsproblemer i Avinor – og vi vet det kan gå på sikkerheten løs. Vi har økt konkurranse, og vi har store vanskeligheter i Luftfartstilsynet. Selv representanter fra regjeringspartiene har innrømmet at det har vært uheldig at alle disse omstillingene skjer samtidig. Nå vil Regjeringen gjenta suksessen, men denne gangen med jernbanen. Vi skal ha konkurranse om sporet og store omstillinger i Jernbaneverket samtidig. Kan komiteens leder forklare meg: Har han ikke lært noe av det som har skjedd i luftfarten i dag?

Petter Løvik (H) [10:19:05]: For å fortsette med det som representanten Heidi Sørensen sa til slutt: Vi skal ikke gå raskere fram enn det som er fullt forsvarleg, når

det gjeld omstilling i norsk jernbane. Vi skal hugse at prinsippvedtaket om dette faktisk blei gjort hausten 2001, og det skal gjennomførast fullt ut frå 1. januar 2009. Det er altså gjennom ein sjuårsperiode denne omstillinga skal skje. Og viss ein ikkje klarer å få det til på ein forsvarleg måte, er det andre enn Stortinget som bør ha eit stort problem, nemleg dei som leiar desse prosessane. Det er det eine.

Det andre er at heile denne prosessen skal skje under tilsyn av Jernbanetilsynet, som er fullt ut sjølvstendig. Eg har full tillit til at dei vil sørge for at dette skjer på ein skikkeleg måte.

Så snakka representanten Sørensen om Avinor. Ja, det er snakk om tunge prosessar, men på same måten har vi der eit tilsyn som seier frå den dagen ting ikkje skjer på ein skikkeleg måte. Det har dei gjort eit par gonger, og Avinor har følgt opp dette til punkt og prikke.

Presidenten: Replikkordskiftet er omme.

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A) [10:20:34]: Eg har vore med på mange samferdsledebattar i denne salen, til dels ut i dei små timar. Denne perioden har eg vore med i alle debattane, og engasjementet steg i takt med innsikt i saksområdet og i takt med høgresida sin aukande iver etter å konkurranseutsetja og privatisera viktige samfunnsoppgåver.

Dei snakkar om rydding i roller, og det einaste dei peiker på, er konkurranseutsetjing og privatisering.

Dei snakkar om meir veg og jernbane for pengane, og det einaste dei peiker på, er konkurranseutsetjing og privatisering.

Dette tyder på dårleg fantasi. Det er mogleg både å rydda i roller og å få meir ut av pengane på andre måtar. Så langt er det i alle fall lite dokumentert at det som har skjedd av AS-ifisering, konkurranseutsetjing og privatisering, har gjeve oss, dvs. staten, meir for pengane. Vegen vert kanskje produsert noko billigare, vegvedlikehaldet vert kanskje billigare òg, men det er eg slett ikkje sikker på dersom me korrigerer for dei meirutgiftene som det nye systemet fører til når det gjeld tilrettelegging for anbod, tilsyn og kontroll. Truleg er det fyrst og fremst fleire byråkratar me får for pengane til vegsektoren, ikkje meir veg eller vegvedlikehald. Det var vel ikkje meininga.

Om me skulle sjå på samfunnsrekneskapen i eit breiare perspektiv, er nok reknestykket endå meir nedslåande. Folk får sluttpakkar frå dei er 45 år og førtidspensjonering frå dei er på min alder, og somme går ut i arbeidsløyse eller vert uføretrygda. Det er tøft for den einskilde, og det er dyrt for samfunnet. Dette pressar folk ut av arbeidslivet, noko som er det stikk motsette at det me vil. Me vil at folk skal arbeida lenger.

Iveren held likevel fram i god liberalistisk ånd – ikkje fordi det verkar, men fordi høgresida meiner det er rett. No har dei hastverk med å få gjort Kystverket og BaneService om til aksjeselskap og med å konkurranseutsetja verksemda til Jernbaneverket Drift. Det skal brukast 400 mill. kr for å få nær 1 000 til å slutta i Jernbaneverket dei komande åra. Dette representerer brorparten av

den kompetansen me har på jernbanedrift i Noreg, noko som no skal overlatast til ein privat marknad, som i beste fall er liten, i verste fall knapt eksisterer. Desse private skal no få oppgåver knytte til drift og vedlikehald, oppgåver som i stor grad handlar om tryggleik på jernbanen.

Dette er eit eksperiment verda har få døme på har lukkast, tvert imot. Dette er eit eksperiment som kan føra til oppsplitting av ansvar og forvitring av fagmiljø, heller enn det motsette. Dette er uansett altfor omfattande, og det er lagt opp til ein prosess som går altfor fort.

Det er feil, det representanten Løvik uttalte til TV 2 i dag. Jernbaneverket har ikkje sagt at dei har 400 tilsette for mykje, dei har sagt at dei kan redusera talet på tilsette med 400 over nokre år og konkurranseutsetja ein del av det arbeidet dei gjer. Som Heidi Sørensen sa: BaneService er ein prosjektorganisasjon for store prosjekt, og på ingen måte ein driftsorganisasjon for Jernbaneverket.

Andre talarar frå Arbeidarpartiet vil koma tilbake til dette. Eg vil berre seia til statsråden: at ho torer, og eg hadde nær sagt, no igjen – no som leiinga i Avinor AS har varsla time-out på ein liknande prosess for å gå i dialog med dei tilsette, no som til og med VG og Aftenposten på leiarplass tek til orde for at konkurranse ikkje eignar seg så godt der ein har oppgåver knytte til drift og tryggleik i samferdslesektoren!

At statsråden i radioen ein førjulssøndag nærast avset jernbanedirektøren og grunngjev omdanninga med påstandar om kameraderi og manglande oversikt over tryggleiken, gjer det heile endå verre. Dersom det er dette som ligg bak, meiner eg at statsråden i sin formelle argumentasjon har ført både leiinga, dei tilsette og Stortinget bak lyset.

Det kan godt vera at det er etter at planane har vorte konkretiserte, at Jernbanetilsynet må inn og vurdere forslaga reint formelt. Det ville likevel vore lurt, etter Arbeidarpartiet si vurdering, å gjera ein del av desse vurderingane før det vart fremja sak til Stortinget. Det ville nok òg vore lurt å bruka noko meir tid saman med leiinga og dei tilsette for å koma fram til felles løysingar.

Høgresida sin bodskap i dag er at nær 1 000 av dei tilsette i Jernbaneverket skal slutta eller seiast opp – ingen kjærleg julepresang til dei det gjeld, og deira familiar. Og det er i grunnen ikkje sikkert det vert noko av, skal ein tru det som stod i Dagsavisen i går. Det er mogleg statsråden tykkjer dette er ein god måte å koma på lag med dei tilsette på i ei krevjande omstilling. Eg tykkjer ikkje det.

Jernbaneforbundet har i dag ein politisk streik. Det har eg stor forståing for. Det er ikkje i Jernbaneforbundet høgresida finn dei eventuelt rabiate og omstillingsfiendte tillitsvalde som dei til tider snakkar om, til dels i denne sal – Jernbaneforbundet har delteke ansvarleg og konstruktivt i mange omstillingsprosessar. No er dei sinte – på forslaget, på argumenta og ikkje minst på statsråden sine påstandar om kameraderi. Dei har i dag den tredje politiske streiken på over 80 år. Mitt råd til statsråden er: Ta dei tilsette, og for den saks skuld leiinga i Jernbaneverket, på alvor før det er for seint.

Så til litt anna: Etter budsjettforliket ligg regjeringspartia snautt 3,5 milliardar kr under det dei lova i Nasjonal transportplan. Arbeidarpartiet lova 1,6 milliard kr mindre og har løyvd ca. 2 milliardar kr meir i våre alternative budsjett. Me har altså halde det me lova, og det kan me til og med lesa ut av Regjeringa sine egne tal. Me har lova meir for neste periode. Det skal me òg halda.

I Arbeidarpartiet meiner me at me må byggja landet heile tida, og at me i dei komande ti åra står overfor store utfordringar. I 2005 vil me bruka 1 126 mill. kr meir enn Regjeringa. Av desse går 50 millionar til fiskerihammer, 520 mill. kr til vegføremål og 430 mill. kr til kollektivtransport. Eg må få retta opp eit tal på side 20 i innstillinga, der det står at me vil investera 35 mill. kr i jernbanelinja. Det skal vera 52, 2 mill. kr, og det skal gå til planovergangar og tryggingstiltak.

Eg skal ikkje gå mykje inn på konkrete vegprosjekt, men eg må, fordi det sit vener frå Hardanger her som er veldig glade for Jondalstunnelen, seie at i Arbeidarpartiet har me 50 mill. kr inne til dette prosjektet neste år, og eg er glad for at òg fleirtalet har funne ei ordning.

Regjeringa bryr seg ikkje om at eit fleirtal har vedteke å auka løyvingane til jernbaneinvesteringar frå 16 til 26 milliardar kr i neste periode, og har ikkje teke høgd for naudsynt auke til planleggingsmidlar. Arbeidarpartiet aukar desse løyvingane med 200 mill. kr, og me aukar løyvingane til offentlege kjøp med 100 millionar kr. Dette meiner me m.a. gjev rom for offentlege kjøp på utlandstoget, fyrst og fremst Stockholmstoget, for Vøgne, og for at NSB AS framleis kan gje rabattar.

At fleirtalet i dag med opne auge reduserer togtilboda til utlandet, er meg komplett uforståeleg. Tilbodet vert nærast rasert frå nyttår. Det vert ikkje lett for nye interessentar å byggja opp tilbodet igjen. Så talentlaus som dette går det mest ikkje an å vera. Eg trur støynivået vil auka monaleg når dei som til no har brukt dette miljøvenlege og effektive tilbodet, oppdagar kva som har skjedd. Det var t.d. 185 000 passasjerar som reiste med Stockholmstoget i fjor.

Det neste som fullt ut skal liberaliserast er, ifølgje proposisjonen, taxinæringa. Saka kjem tilbake i form av eit lovframlegg. Arbeidarpartiet, SV og Senterpartiet er imot dette. Me trur heller det trengst meir styring, enn at det trengst meir fridom i ein bransje der folk snart må arbeida dobbelt for å ha ei anstendig inntekt. Me tykkjer òg at omlegging og til dels nedlegging av trafikkstasjonane går over stakk og stein, og støttar difor Senterpartiet sitt forslag om å stoppa omlegginga og konsekvensutgreia saka nærare. Heller ikkje det får fleirtal.

Dette er ein trist dag for togelskarar og for folk som er opptekne av tryggleik på jernbanen og til sjøs. Her vert det gjort nye vedtak som skal visa seg vanskelege å gjennomføra – både fordi forslaga er feil, og fordi prosessane har vore dårlege og ligg an til å halda fram slik. Eg var på vitjing i DSB sist måndag. Dei har òg omstilt, og dei har konkurranseutsett ein del. Dei har likevel ei anna forståing – dei bruker lang tid, og dei spelar på lag med dei tilsette.

Arbeidarpartiet vil stemma imot budsjettframlegget. Me stemmer dermed òg imot omdaninga av Kystverket og BaneService til aksjeselskap – det vil verta gjenteke i Odelstingsmøtet seinare i dag – og me stemmer imot å konkurransesetja oppgåvene til Jernbaneverket Drift. Me stemmer òg i mot å «strupa» Posten AS med eit utbyte på 74 pst. av overskot etter skatt ved å redusera utbytet med 126 mill. kr, og me stemmer imot å redusera løyvingane til omstrukturering i Mesta AS med 100 mill. kr i 2005.

Skal tru om ikkje valet i 2005 vert eit vegval – eit val om vilje til å satsa på samferdsle, men òg eit val mellom ein samferdslesektor under styring og kontroll og ein sektor som fyrst og fremst er til for private marknadsaktørar.

Til slutt vil eg ta opp dei forslaga me har fremja saman med SV og Senterpartiet.

Presidenten: Representanten Oddbjørg Ausdal Starrfelt har tatt opp de forslagene hun refererte til.

Det blir replikkordskifte.

Kenneth Svendsen (FrP) [10:30:35]: Arbeiderpartiet har vært imot alle omstillinger og all konkurranse.

Hvis jeg ikke husker feil, var de imot at NRK skulle få konkurranse fra TV 2, imot Avinor AS, imot Mesta AS, imot omdanning av Jernbaneverket, og nå hører vi at de også er imot konkurranse innenfor taxinæringen. Sikkerhet har vært brukt konsekvent som argument fra den siden. England har vært trukket fram som et eksempel på det. I komiteen fikk vi opplyst fra Jernbanetilsynet at det faktisk hadde vært flere ulykker i Norge enn i England i den perioden det hadde vært konkurranse i England. Det er underlig at Arbeiderpartiet synes at konkurranse mellom Skanska og Veidekke på anleggssektoren er helt OK, at konkurranse mellom SAS Braathens og KLM og alle andre internasjonale flyselskaper som har ansvar for piloter, passasjerer og besetning, er helt OK, men altså ikke hvis det er offentlig ansatte.

Ser ikke Arbeiderpartiet noen positive tegn ved konkurranse, også for offentlig ansatte?

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A) [10:31:51]: Det er nok utgangspunktet som er forskjellig, for me ser ikkje på konkurranse som eit mål, men som eit eventuelt verkemiddel. For oss ser det ut som om høgresida ser på dette som eit mål i seg sjølv, sjølv om det ikkje verkar.

Me har vore med på nokre konkurranseutsetjingar, t.d. på jernbane når det gjeld godstransport. Det er ikkje noko nytt at ein konkurrerer om produksjon av veg. Slik har det vore lenge, òg medan me hadde Vegvesenet. Då var det mange private aktørar som produserte veg. Det som er nytt, er at vegvedlikehaldet er ute på anbod. Me gjekk for ein divisjonsmodell når det gjaldt Vegvesenet. Men me trur at me ikkje kan ta det for gjeve at alt vert betre med ein gong det vert privat. Det me ser, er at me faktisk ikkje får meir veg for pengane. Me får mange fleire byråkratar. Eg synest det er underleg at Framstegspartiet

går for omstillingar som fører folk vekk frå veggen og over til kontora.

Geir-Ketil Hansen (SV) [10:33:07]: Regjeringen har gitt tillatelse til at det kan startes drift av sivil flyplass på Rygge. Konesjon er gitt for inntil 750 000 passasjerer.

Da Stortinget behandlet Eiermeldingen om Avinor, lå det til grunn en rapport fra Samfunns- og næringslivsforskning som var helt klar på at denne flyplassen vil komme i direkte konkurranse med Gardermoen og svekke driftsgrunnlaget for både Gardermoen og hele Avinor-systemet. Rygge skal nemlig ikke betale avgift inn til felleskassen, det solidariske finansieringssystemet for luftfarten.

Arbeiderpartiet har støttet sivil flyplass på Rygge og at Rygge skal slippe å betale inn til felleskassen, og vil med det ikke være med på vår merknad som påpeker dette problemet. Ser ikke Arbeiderpartiet at dette kan bli en økonomisk trussel, både mot Avinor og hele det norske flyplassnettet?

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A) [10:34:10]: Eg vil fyrst seia at eg er glad for at SV, Senterpartiet og Arbeiderpartiet er einige om dei viktige strukturspørsmåla på samferdslesektoren, så dette er eit lite unntak.

Men det me gjorde, i motsetnad til SV, som seier nei til Rygge, var å seia at dersom det vert etablert den typen private flyplassar – inkludert Torp, som allereie er etablert – burde dei betala ei konsesjonsavgift til felleskassa. Rygge representerer så pass mange moglegheiter for Østfold og austlandsområdet at dersom dei bidreg til felleskassa med konsesjonsavgift, synest me at me har funne ei veldig god løysing, som eg framleis inviterer SV til å vera med på.

At Regjeringa ikkje følgde opp det med konsesjonsavgift, kan ikkje Arbeiderpartiet ta ansvaret for.

Odd Holten (KrF) [10:35:12]: Opposisjonen – uten regjeringsansvar, slik SV har vært – har hatt en evne til å love det meste til alle formål. Men at Arbeiderpartiet, med sin lange erfaring, også er på lovnadstoppen, må jeg si forundrer meg. Det vi nå opplever, er jo at de også innenfor dette budsjettet har en tendens til å love det meste, mer til alt. I NTP var det ca. 2 milliarder kr. Her er det vanskelig, vil jeg tro, å få til et flertall. Det må da karakteriseres som et luftslott, når vi vet at SV vil ha minimalt til vei og Fremskrittspartiet vil ha mer til vei.

Er det da slik å forstå at det som nå ligger inne i forslaget fra Arbeiderpartiet, bare er luftslott?

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A) [10:36:40]: Eg hadde håpt at representanten Holten hadde teke ein replikk om Jernbaneverket og konkurranseutsetjing, for det er eitt eksempel på dei mange hamskifta i Kristeleg Folkeparti etter Bondevik II. Før sa dei at dei måtte passa på at Arbeidarpartiet ikkje gjekk for langt, medan dei no seier at me *ikkje* går langt.

Me har i denne perioden halde det me lovde. Me lovde litt mindre enn Kristeleg Folkeparti for tre år sidan. Me

held det me lovde i denne perioden. Me har tenkt å gjera det framover. Me har erkjent at me ikkje kan halda fram med å løyva relativt mindre til samferdsle kvart år. Løyvingane gjekk ned frå ca. 8 pst. til under 3 pst. midt på 1980-talet. Sånn kan me ikkje halda på. Me må byggja landet heile tida, og då må me snu den trenden. At me har funne fleire løyvingar til samferdsle dei siste åra, tykkjer eg er eit eksempel på at me klarer det, sjølv innanfor dei rammene som ei anna regjering har sett. Og me har altså tenkt å følgja det opp, men då kan det vera at me må ha eit nytt fleirtal for å få det til.

Presidenten: Replikkordskiftet er omme.

Kenneth Svendsen (FrP) [10:37:57]: Fremskrittspartiet vil i samferdselspolitikken arbeide for miljø, sikkerhet, transportøkonomi og framkommelighet. Transport av varer og passasjerer skal skje i fri konkurranse og med full markedsstyring.

Fremskrittspartiet mener at konkurranse mellom jernbanetransport, sjøtransport, lufttransport og veitransport må skje uten at noen av aktørene må betale en avgift for å finansiere andre transportformer. Det betyr at Fremskrittspartiet ikke vil bruke avgifter som er pålagt bilistene, for å finansiere drift og vedlikehold av jernbane eller andre typer transportformer. En slik kryssubsidiering fører til at transportørene velger en transportløsning som koster samfunnet større beløp enn hvis fri konkurranse mellom transportformene fikk virke. Det er av den største betydning å satse på de mest hensiktsmessige transportmidlene i forhold til de transportoppgaver som skal løses. Dette vil gi en mer kostnadseffektiv bruk av offentlige ressurser innenfor samferdsel og i tillegg føre til en mer rettferdig fordeling av kostnadene mellom de ulike transportformene.

Fremskrittspartiet legger i sine vurderinger av prosjekter til grunn at de skal være lønnsomme. Det betyr at de har høy kost-nytte-effekt. Ved beregning av nytte-kost legges det til grunn en kalkulasjonsrente. I Norge er denne renten særdeles høy og varierer mellom kollektivreiser, hvor den er 5 pst., og luftfart, hvor den er 10 pst. Det hevdes fra Regjeringen at denne renten er satt ut fra en faglig vurdering, noe Fremskrittspartiet finner lite troverdig.

Det er verdt å merke seg at mens renten varierer fra 5 til 10 pst. i Norge, er den 4 pst. i Sverige og 6 pst. i Danmark. Dette fører bl.a. til at byggingen av Svinesundsbrua, som er utfartsåren til Europa for Norge, er ulønnsom for Norge å bygge, mens den er lønnsom for Sverige. Dette er et klart eksempel på at kalkulasjonsrenten i Norge er feil og må senkes. Spesielt viktig er dette for veiprosjekter hvor den norske renten er på 8 pst. – den er altså dobbelt så høy som i Sverige, hvor den er 4 pst.

Fremskrittspartiet mener at et godt utbygd samferdselstilbud er en av de viktigste faktorene for at samfunnet skal kunne fungere. Uten et godt utbygd infrastrukturnett vil det være umulig for bedrifter og enkeltpersoner å etablere seg og bo rundt om i landet. Samferdselsnettet må derfor ses som en helhet, der bil-, bane-, båt- og luft-

transport utfyller hverandre. I et land som Norge, med lange avstander og spredt bosetning, vil et godt utbygd veinett med høy standard være avgjørende for at næringslivet skal kunne fungere på en effektiv måte. Derfor ønsker Fremskrittspartiet å prioritere investeringer og vedlikehold av veinettet høyest. Muligheten for bruk av bil, både til arbeidsformål og rekreasjon, er positivt, og bedrer den enkeltes livskvalitet. I konkurranse med jernbane har bilen overlegne konkurransefortrinn, som hurtighet, fleksibilitet og, ikke minst, økonomi.

Fremskrittspartiet er bekymret for utviklingen når det gjelder samferdselssektorens stadig reduserte andeler av nasjonalbudsjettet. Fremskrittspartiet legger til grunn i sitt forslag til statsbudsjett at denne trenden snus, og at det i framtiden satses på utbygging av veinettet.

Konkurranse er et sunt virkemiddel for å få et best mulig produkt ut av minst mulige penger, både fordi det gir alle aktørene i markedet de samme mulighetene til å delta, og fordi det sparer skattebetalingene for unødvendige utgifter. Konkurranse egner seg meget godt innenfor området samferdsel. Derfor ønsker Fremskrittspartiet å bruke konkurranse i størst mulig utstrekning. Kollektive transporttilbud skal utføres av private bedrifter etter markedsøkonomiske prinsipper, med reelle priser og med sunn konkurranse mellom transportselskapene. I områder hvor det ikke er mulig å drive kollektivtransport med overskudd, og hvor det offentlige av spesielle grunner ønsker å opprettholde et tilbud, skal tilbudet basere seg på konkurranse mellom transportselskapene, basert på anbud.

Selv om det er kostbart å fly i Norge, har inntreden av nye flyselskaper på det norske markedet vist at konkurranse på det innenlandske markedet virker. Prisene er kraftig redusert, og rutetilbudet forbedres stadig. Også på det internasjonale markedet har opprettelsen av flere lavprisselskaper tvunget prisene ned.

Fremskrittspartiet ønsker å opprettholde et godt flytilbud rundt om i landet, men dette tilbudet må basere seg på konkurranse og til enhver tid være tilpasset det reelle behov for flytransport. Fremskrittspartiet mener at hvis ulønnsomme flyplasser skal opprettholdes, må dette gjøres ved bevilgninger over statsbudsjettet og ikke gjennom et system hvor andre flypassasjerer må betale en ekstra flyplassavgift, slik systemet er i dag.

Jernbane er lite egnet som en effektiv transportform i et land som Norge, hvor det er liten befolkningstetthet. Når det gjelder transport av personer, bør det legges opp til fri konkurranse mellom de forskjellige transportformer, uten noen form for kryssubsidiering.

I flere områder har etablering av ekspressbussruter vist seg å være en suksess, og de reisende går over fra å reise med tog til busstransport. Bakgrunnen for dette er selvfølgelig at nye busser er mer komfortable, i tillegg til at busser er langt mer fleksible enn tog. For Fremskrittspartiet er det ulogisk å satse på togtransport der kundene velger å reise med buss. I årets budsjett blir det brukt i overkant av 1,5 milliarder kr av skattebetalernes penger til å kjøpe tjenester fra NSB AS. I tillegg blir det brukt 4,2 milliarder kr av skattebetalernes penger for å investere

re i og drive jernbanelinjene – dette til tross for at billettprisen for en bussreise normalt er langt lavere enn same reise med tog, og i tillegg går med overskudd.

Varer som sendes med jernbane, blir fraktet til og fra jernbanevognene med lastebil, noe som fordyrer transporten betydelig. Når en så vet at transportstrekningene med tog er forholdsvis korte, fører dette til at veitransport kommer billigere ut. Selv om godstransport over store avstander med dagens subsidiering kan komme rimeligere ut for kunden, må en ha med seg subsidieelementet som ligger i kostnadene ved investering og drift av jernbanelinjene. Hvis de midler som i dag brukes til investeringer og drift når det gjelder jernbanelinjene, ble brukt til investeringer i veier, ville dette gitt store besparelser for skattebetalerne, samtidig som konkurranseevnen ville blitt betydelig styrket for næringslivet.

Norge har en lang kyst med mange og lange fjorder, derfor vil bruk av båt for å frakte både mennesker og varer være en effektiv løsning. Fremskrittspartiet ønsker at det blir full konkurranse om ferjedrift, og at besparelsene ved dette kommer kundene til gode gjennom lavere billettpriser.

Men konkurranse er også viktig når infrastrukturen skal bygges og vedlikeholdes. Erfaringene etter at Vegvesenets produksjonsavdeling ble omdannet til Mesta AS, viser at kostnadene er blitt kraftig redusert, noe som har ført til mer vei for pengene.

Når det gjelder konkurranse og konkurranseutsetting, har Arbeiderpartiet og SV nærmest et religiøst forhold til at offentlig ansatte ikke skal utsettes for den styggedommen som konkurranse tydeligvis er. Disse partiene har vært imot enhver omstilling og effektivisering som har skjedd på samferdselssektoren. Når Vegvesenets produksjonsvirksomhet ble omdannet til Mesta AS, var det ikke måte på hvor galt dette ville gå – i ettertid vil vel de fleste si at dette har vært vellykket, med store besparelser. I den prosessen var det tydeligvis helt ok at de ansatte i Veidekke eller Skanska skulle måtte konkurrere om oppdrag – mens de som var statlig ansatt, skulle vernes mot konkurranse. Vi ser akkurat det samme nå ved omdanningen av Jernbaneverket – alt er galt, sikkerheten blir dårligere, arbeidsforholdene blir dårligere, ja, det er ikke den ting som blir bedre. I alle saker hvor omstilling og konkurranseutsetting skjer, roper Arbeiderpartiet og SV at dette går på sikkerheten løs. Hvis de norske flyselskapene hadde vært statlige foretak og Fremskrittspartiet hadde foreslått omstilling eller konkurranse, kan jeg tenke meg at vi hadde fått hørt om hvilken sikkerhetsrisiko vi hadde utsatt passasjerene for. Nå er alle flyselskapene private aksjeselskap i full konkurranse, og det er vel ikke ett område hvor sikkerheten er så godt ivaretatt som i flyindustrien. Og hva sier de selv? Jeg har lyst til å komme med et sitat fra siste nummer av SAS Braathens-bladet «På Norske Vinger». Der skriver administrerende direktør Petter Jansen følgende:

«Vi opplever en hverdag som i høyeste grad er preget av konkurranse, og det er bra. Konkurranse er positivt for deg som forbruker, og det er positivt for samfunnet som helhet. For oss som aktører i markedet be-

tyr konkurranse at vi hele tiden må skjerpe oss og yte vårt beste.»

Jeg må bare si meg hjertens enig med en leder som styrer et av verdens sikreste selskaper og har ansvaret for flygere, besetning og passasjerer.

Jeg tror omlegging til mer konkurranse om vedlikeholdet på jernbanen er positivt. Det betyr ikke at jeg er fornøyd med alt. Jeg mener bl.a., som jeg også gjorde ved omdanningen til Mesta AS, at det er galskap å betale fullt arbeidsføre personer for å gå hjemme og heve lønn når det er bruk for dem til å bygge landet. Det burde derfor heller vært bevilget mer penger til anleggssektoren, slik at de som ble ledige i Jernbaneverket, fikk et meningsfylt arbeid å gå til. Dessverre må de passivt heve ventelønn framfor å løse samferdselsoppgaver som burde vært løst med større bevilgninger. Ut fra dette vil det være ønskelig i langt større utstrekning å satse på bygging og vedlikehold av veinettet, framfor investeringer i jernbanenettet og kjøp av tjenester fra NSB eller andre aktører. Vi ser daglig problemer for veibrukerne med stengte veier på grunn av ras eller tunneler som stenges på grunn av at de ikke er beregnet for dagens tungtransport. Fremskrittspartiet vil derfor satse på veivedlikehold, og øker den bevilgningen med 1 280 mill. kr. Videre foreslår vi å øke bevilgningen til veiinvesteringer med 4,8 milliarder kr.

Fremskrittspartiet er som kjent imot bompengerekkering. Derfor foreslår vi i vårt alternative budsjett at det brukes 2,9 milliarder kr, slik at ingen skal betale for å passere en bomstasjon. Dette vil skje ved at man optisk leser antall passeringer, og at staten deretter utbetaler pengene direkte til bomselskapet.

I mange områder er ferjetransport helt avgjørende for et eksportrettet næringsliv. Få avganger fører til at mange av disse bedriftene har problemer med å få produktene ut i markedet til rett tid og til rett pris. På denne bakgrunn har Fremskrittspartiet lagt inn 100 mill. kr, slik at det kan etableres flere avganger. Det er også viktig å få skiftet ut den gamle ferjeparken hvor flere av ferjene er over 40 år gamle. Det må derfor stilles krav når nye anbudsutlysninger skjer, slik at ferjeparken fornyes.

Mye av fylkesveinettet i Norge har fremdeles ikke fast dekke. Nå er jeg klar over at fylkesveiene er et fylkeskommunalt ansvar og ikke et statlig ansvar, men det hjelper bedriftene som er avhengige av veiene, særdeles lite. Fremskrittspartiet har derfor i sitt alternative forslag foreslått at det innføres en såkalt grusveipakke på 200 mill. kr, slik at det kan startes et arbeid for å legge fast dekke på alle veiene, og da spesielt der hvor næringslivet er avhengig av å bruke veiene.

Norge, som et land med lange avstander og spredt bebyggelse, burde for å utligne ulempene med å ligge langt fra markedene ha et bedre utbygd veinett enn andre land. Dessverre er det motsatte tilfellet. Norge ligger langt etter de fleste europeiske land. Bevilgningene til veiformål har gått reelt ned, samtidig som trafikkveksten har vært sterk og ulykkesfrekvensen negativ. For Fremskrittspartiet er det åpenbart at det er en klar sammenheng mellom mindre penger til veiformål på den ene si-

den og økt trafikk og flere ulykker på den andre siden. Derfor ønsker Fremskrittspartiet å forsere utbyggingen av veinettet samt forbedre vedlikeholdet. Dette vil føre til færre ulykker og et mer lønnsomt næringsliv, spesielt vil dette virke positivt for næringsliv og befolkning i Distrikts-Norge. Fremskrittspartiet er bekymret over at en stadig større del av investeringsmidlene innen veisektoren bompengefinansieres. I 1994 utgjorde bompenger 18,6 pst. av de samlede investeringene i riksveinettet, mens det i 2004 utgjorde over 33 pst. Den stadig økende bruk av bompenger, som i realiteten er en ekstra avgift for bilisten, går Fremskrittspartiet på det sterkeste imot.

Budsjettet følger trenden fra foregående år, der samferdselssektoren har opplevd tilbakegang, med den følge at nødvendig vedlikehold ikke blir utført, igangsatte anlegg drives urasjonelt og nye anlegg ikke blir startet. Konsekvensen av en slik politikk er at det nå er flere ansatte i anleggsbransjen som enten «går på tomgang» eller er ledige. Fremskrittspartiet ønsker å sette disse i arbeid, slik at landet kan bygges videre. Heldigvis kom Fremskrittspartiet og regjeringspartiene fram til enighet om budsjettet, som førte til 350 mill. kr ekstra til vei, nesten det dobbelte av hva Arbeiderpartiet oppnådde i fjor. Selv om dette er langt mer enn det Arbeiderpartiet oppnådde i fjor, er det dessverre altfor lite til å løse oppgaver som må komme for at vi skal hente igjen etterslepet, men det er et skritt i riktig retning. Spesielt glad er vi for at Jondalstunnelen nå ser ut til å bli et faktum. En sterkere satsing på vei kan kun komme hvis velgerne sier klart fra om det er det de ønsker, noe jeg håper at velgerne vil gjøre i kommende valg.

Til slutt vil jeg presisere noe som selvfølgelig skulle stått i budsjettet, men som dessverre er ramlet ut. Det gjelder takstøkningen på Jæren-pakken, fra 10 kr til 13 kr. La det være klinkende klart at Fremskrittspartiet går imot enhver takstøkning, noe som også går fram av vårt alternative budsjett, der vi går over fra bompengerelevning til optisk lesing hvor staten betaler kostnadene.

Jeg tar her opp de forslagene som vi har fremmet.

K j e l l E n g e b r e t s e n hadde her overtatt presidentplassen.

Presidenten: Representanten Kenneth Svendsen har tatt opp de forslag han refererte til.

Det blir replikkordskifte.

Tor-Arne Strøm (A) [10:51:17]: At Fremskrittspartiet er et parti som ikke er spesielt opptatt av jernbane, er ikke en stor overraskelse. Det har vi fått demonstrert fra denne talerstolen til fulle. Men at Fremskrittspartiet kan være med Regjeringen på konkurranseutsetting og sette sikkerheten for jernbanen på spill, det er drøyt.

Fremskrittspartiet påberoper seg å være partiet for folk flest. Da vil jeg spørre representanten Svendsen fra Fremskrittspartiet: Hvordan kan det ha seg at partiet for folk flest, nå sammen med Regjeringen, sender tusen personer inn i julen med klar beskjed om at kompetansen deres ikke er noe verd, og lar dem gå en usikker framtid

i møte? Slikt kan vel ikke et parti for folk flest være bekjent av? Ser ikke fremskrittspartirepresentanten noen faresignaler med det man er i ferd med å stelle i stand i dag?

Kenneth Svendsen (FrP) [10:52:24]: La det være klinkende klart: Folk flest kjører bil, ikke tog, og da er det slik at vi ønsker å satse på veisektoren. Derfor har vi lagt inn betydelige beløp for å øke sikkerheten på veiene, slik at næringslivet og befolkningen skal komme lettest mulig fram.

Når omdanningen av Jernbaneverket nå skjer, er det klart at det er en del utfordringer, spesielt på den sikkerhetsmessige siden. Men da har vi et jernbanetilsyn som skal gjøre disse vurderingene. Det er veldig vanskelig for legfolk, bl.a. for meg, å ta konkret stilling til sikkerhetsmessige tiltak på jernbanen – det er derfor vi har et jernbanetilsyn. Vi har et jernbaneverk som må utarbeide dette, og et tilsyn som skal godkjenne dette etter hvert. Da tror jeg at vi til slutt kommer til å havne opp med en sikker transport.

Petter Løvik (H) [10:53:32]: I debatten i dag har det i sterk grad vore tale om dette med å love ting, planleggje ting, kontra det å gjere ting. Vår regjering har gjort ting. Vi har fulgt opp Sem-erklæringa når det gjeld det vi lovde til fly, vi har gjort det når det gjeld riksvegar, og vi har gjort det når det gjeld kollektivtrafikk. Lat det vere heilt klart.

Men så har det blitt snakka ein del om framtidige lovnader. Det skal vere ei stor jernbanesatsing, har det blitt sagt bl.a. frå Arbeidarpartiet. Det har blitt litt stille om dette i det siste. Det skulle vere eit fleirtal her for ei slik satsing, men når ein ser Framstegspartiets alternative budsjett, og når ein høyrer representanten Kenneth Svendsen bl.a. seie at jernbane er ei lite eigna transportform i Noreg, då lurar eg på kvar det fleirtalet blir av. Det kuttet i jernbaneløyvinga og meir satsing på veg er eit ærleg standpunkt, men kvar blir det av det store fleirtalet for den store jernbanesatsinga som bl.a. Arbeidarpartiet og SV har skrytt slik av? Det er mitt spørsmål til representanten Svendsen.

Kenneth Svendsen (FrP) [10:54:52]: Fremskrittspartiet fremmer sine primære standpunkter ved valg. Det har vi gjort bestandig, og det gjør vi også i år. Men så er det slik at vi i dag kommer til å stemme for et samferdselsbudsjett som ikke er vårt primære forslag, det er vårt subsidiære. Det betyr at det er det som gir nest best resultat, og det er det samarbeidet vi har gått inn i med Arbeiderpartiet.

Hvis det kommer til en situasjon der Arbeiderpartiet gir mer penger til vei – og et ultimatum er da mer penger til jernbane også – vil vi støtte dette, for behovet for investeringer i vei er så stort at dette må gjøres.

For øvrig var jeg ikke fornøyd med forrige replikk fra representanten, som da inviterte oss til å bli et støtteparti til Regjeringen i neste runde. Vi hadde da heller håpet at han hadde invitert oss inn i Regjeringen.

Heidi Sørensen (SV) [10:56:04]: Denne lille replikkvekslingen mellom Høyre og Fremskrittspartiet har gjort det helt klart at skal det bli noen storsatsing på jernbane, må det være et annet flertall etter neste valg.

Fremskrittspartiet kutter ca. 2 milliarder kr til jernbanen i sitt alternative budsjett, og 400 mill. kr av dette er jernbaneinvesteringer. Jeg må si at selv Fremskrittspartiets representanter – i hvert fall lokalt, men også i denne salen – har støttet mange av disse. Jeg lurer på hvor man skal ta kuttene. Skal vi ikke ha fjernstyring på Nordlandsbanen, skal vi ikke ha dobbeltspor til Asker, eller skal vi ikke ha GSM-R? Jeg trodde Fremskrittspartiet var for alt dette, men er de det, har de ikke penger til det i sitt alternative budsjett.

Kenneth Svendsen (FrP) [10:57:12]: Det representanten Sørensen tok opp nå, er egentlig et godt bevis på hvor stort behov det er for effektivisering i Jernbaneverket for å få mer penger til viktige oppgaver som skal gjøres. Derfor er Fremskrittspartiet med på en slik effektivisering.

